


Kinsarvik

Kyrkja i KINSARVIK har etter alt å dømma vore ei av dei fire fjordungs-kyrkjene i det gamle Hordafylket. Den steinkyrkja som står i dag, vart restaurert av domkyrkjearkitekt CHR. CHRISTIE i 1880 og på nytt av arkitekt PETER HELLAND-HANSEN i 1960-61. Då vart det også gjennomført ei arkeologisk undersøking, som har gjeve nye kunnskapar om kyrkja.



Bryllaup i Kinsarvik kyrkje tidleg på 1900-talet.

Den første kyrkja i Kinsarvik var ei lita trekyrkje, med tak og vegger borne av jordgravne stolpar. Denne kyrkja må ha vore bygd alt på 1000-talet. Ho vart avløyst av den noverande steinkyrkja mot slutten av 1100-åra. Vestportalen i skipet og sørportalen i koret har detaljar som syner slektskap med overgangsstilen mellom romansk og gotisk stil, slik vi kjenner han frå England i andre halvdel av 1100-åra. Det kan vera cisterciensarmunkane i Lyse kloster som førte denne stilen til Vestlandet.

I skipet er det restar av mellomalderlege kalkmåleri; ei dommedagsframstilling med erkeengelen Mikal, «Sankte Sålemikkjel», som veg sjeler i ei skålvekt. Altartavla skriv seg frå 1690-åra; døype-

fonten, av kleberstein, er frå mellomalderen. Preikestolen har ei spesiell form. Opphavleg kan han ha stått framfor korbogen som ein såkalla lektoriepreikestol; ein type som er sjeldan i Noreg. Stolen, som er måla av PETRUS REIMERS frå Neustadt i 1609, vart gjeven til kyrkja av lensherre JØRGEN BROCKENHUUS. Under restaureringa i 1961 vart den gamle gallerifronten sett på plass att. □



I restane av kalkmåleriet skimtar vi «Sankte Sålemikkjel».

Th.: Nils Hertzbergs prospekt frå 1825 av «Ålmerket» og langskipstufia.

MELLOMALDERSTADEN

Kinsarvik har truleg vore eit sentrum for dei indre hardangerbygdene heilt attende til forhistorisk tid. Etter segna skal det ha lege ein marknadsplass, ein kaupang, her i mellomalderen; eit knutepunkt i samferdsla og samhandelen mellom aust og vest. Det skal ha vore 300 fastbuande her, og staden skal ha gått til grunne etter ein stor lauseld. Naturleg nok knyter det seg skepsis til slike segner, men gjennom arkeologiske utgravingar er det gjort funn av gjenstandar frå mellomalderen: spikar, båtsaum, kleberkar, kljåstein, knivskaff og brukskeramikk, særleg frå 1300- og 1400-talet. Mykje talar såleis for at det har vore ein busetnad her. Fjordungstinget vart halde i Kinsarvik fram til 1650, og i mellomalderen hadde St.Olavsgildet tilhaldsstad her. Då Borgstova vart flytta til gildestovetufta, som vart graven ut i 1957, synte det seg at også denne stod på kjellarmurar frå mellomalderen. «Ålmerket», almenningen ved kyrkja, kan ha vore meir enn berre ein marknadsplass. Segna fortel også om leidangsskipet «HARDINGGEIT» som hadde opplagsplassen sin i langskipnaustet i Kinsarvik. Nausttuffa, SKIPARSTOD, ligg tydeleg markert i terrenget i dag, ved nedkjøringa til ferjestaden. Segl og mast til leidangsskipet måtte lagrast tørt. Opninga i murverket øvst i kyrkjegavlen på Hertzbergs prospekt viser truleg at seglet og masta til «HARDINGGEIT» vart lagra på kyrkjelofet.

Skiparstod er 33 x 13 meter i flatemål, og dette naustet har hatt plass til to langskip. Korleis sjolve bygningen har sett ut, veit vi ikkje, men det har truleg vore eit naust med stolpevegger og tak over, slik vi ser spora av langskipnaustet på Stend i Fana (②266) eller Bjelland på Stord (①37).



Prydmålinga på gallerifronten frå midten av 1600-talet er gjenskapt med store, dekorative blomeurner i fyllingsfelta av rosemålarer Johannes Rørvik.

